

Vår ref.:  
23/01772-1

Vår dato:  
31.01.23

## Referat IDF møte 1/23 (30.01.2023)

Dato og møtets varighet: 30.01.2023, kl. 13.00 – 15.00 på Zoom

### Til stades:

#### Arbeidsgjevar:

Gunnar Yttri	Rektor
Tage Båtsvik	Organisasjonsdirektør
Anette Olene Fristad	Avdelingsleiar HR
Wenche Fjørtoft	Seniorrådgjevar HR
Anette Undheim	Seniorrådgjevar HR
Linn Melby Meyer	Rådgjevar HR / sekretær

#### Arbeidstakar:

Tone Skjerdal	Norsk Tjenestemannslag/ LO Stat
Pål Albert Olsen	Akademikerne
Eva Leirbæk	Parat
Olav Christian Ruus	Forskerforbundet
Aslaug Furholt	Utdanningsforbundet
Karin Bell	Hovudverneombod

### 01/23 – Godkjenning av innkalling og sakliste

Ingen merknadar til innkallinga eller saklista

### 02/23 – Saker til styremøtet 1/23 – (02.02.2023)

### 5/23 - Godkjenning av innkalling og sakliste til styremøte 1/23

Ingen merknadar.

### 6/23 – Endring av forskrift om studium og eksamen ved HVL

Rektor orienterte kort.

Parat støttar at endringa vert gjort i samsvar med gjeldande regelverk. Viser til at nytt namn er meir dekkande for arbeidet som er gjort.

Utdanningsforbundet (UDF) stiller spørsmål om avgrensinga i forskrifta vil innskrenke rettighetene til studentane til å prøve ei rettsleg avgjerse. Det vert vist til at dette grepet er gjort for å «avlaste» rettsapparatet, og at saker skal prøvast i felles klagenemnd før søksmål vert mogleg.

### **7/23 – internrevisjon hausten 2022 – Gjennomføring på toårige masterprogram (§3 – masterstudie), 120 studiepoeng**

Rektor orienterte kort.

Hovudverneombodet (HVO) og Utdanningsforbundet (UDF) stiller spørsmål om ein har sett på ytre råmer kring studentane? Der fag som tidlegare var EVU program no har blitt masterprogram, ikkje vert økonomiske kompensert på same måte i bedriftene. Viser vidare til snittet på fullført masterutdanning der det er stor variasjon på i gjennomføringsgrad. Parat løftar fram at det er viktig at HVL lærer av dette internt når ein skal iverksette tiltak. Rektor viser til at ein her må sjå på kva som ligg i føringane.

### **8/23 – Oppfølging av ekstern evaluering av den samarbeidande internrevisjonen ved UIS, UIA, Nord og HVL**

Rektor orienterte kort.

Parat viser til at det er positivt med ein intern revisjon beståande av fleire institusjonar, dette gir betre gevinst framover. Viktig at ein set av tid og ressursar til dette arbeidet.

Det vert spelt inn at forkortingar i saksdokument må definerast og forklarast dersom desse skal nyttast.

### **9/23 – Årsrapport 2022 (KAP. I – styrets fråsegn) -Høgskulen på Vestlandet**

Rektor orienterte kort.

Det var ingen merknadar til denne saka.

### **0-3/23 – Tildelingsbrev 2023 – Høgskulen på Vestlandet**

Rektor orienterte kort.

Forskerforbundet (FF) viser til at det er nokre utfordringar i tildelingsbrevet for 2023. Det vert spesielt lagt vekt på den nye utviklingsavtalen som er utarbeidd og korleis denne skal følgjast opp internt i HVL. I tillegg vert det stilt spørsmål om studieplassar som vert trekt i 2023, der HVL framleis skal oppretthalde aktivitetar. Korleis vil HVL klare dei utfordringane sett i lys av budsjettutfordringane som kjem?

Rektor viser til at utviklingsavtalen er utarbeidd i ein dialog med departementet og er tett knytt opp til strategiplanen for HVL 2023 – 2030. Arbeidet med utviklingsavtalen vil difor vere ein del av arbeidet rektor tek vidare med sine leiarar. Rektor viser vidare til at det i sak om budsjett 2023 er formidla ut at vi må gjere grep knytt til fag og økonomi for å støtte opp under dette. Det vil det bli arbeidd vidare med i 2023.

UDF viser til at prosessane ofte ikkje når tilsette ute i linja, stiller spørsmål om korleis ein sikre at faglege tilsette reelt kan bidra med konkrete tiltak for å oppnå måla, t.d når det gjeld korleis ein kan sikre god studentrekruttering og dei måltala som er satt.

Rektor visser til at årsrapporten overordna viser kva høgskulen gjer, og svarer på spørsmål som dette. Men det er ein prioritet framover å satse på god studentrekruttering.

Parat og Norsk Tjenestemannslag (NTL) viser til punktet om tillitsreforma og spør korleis det vert arbeidd med denne i høgskulen. Rektor viser til at det per no kun vert arbeidd med tillitsreforma på overordna nivå. Institusjonane skal få meir fullmakter og meir autonomi, som igjen krev myndige og dyktige institusjonar, men i høve til tildelingsbrevet er det ei viss avstand mellom ord og handling.

NTL følger opp med at tillitsreforma også skal vere mellom nivåa i organisasjonen. Rektor tek med seg innspelet og viser til at dette også vil gjelde forholdet mellom tilsette og leiing og forholdet mellom tilsette og studentar.

Parat stiller spørsmål om korleis HVL vil svare på punktet i tildelingsbrevet som omhandlar desentralisert arbeid? Rektor viser til at dette er ein del av eigenarten til HVL og vi må kunne tydeleggjere vår posisjon på dette området.

#### ***O-4/23 – Orientering om lokale forhandlingar 2.5.1 i 2022***

Rektor orienterte kort.

Organisasjonane er positive til at protokollane med protokolltilførsler frå 2.5.1 forhandlingane er vedlagd saka.

#### ***O-5/23 – Opplevd kvalitet i utdanningar ved HVL – Analyse av overordna tilfredsheit i studentundersøkingar***

Rektor orienterte kort.

HVO viser til at dette er ein spennande rapport som viser kva som er viktig for studentane og peikar spesielt på god undervisning og god rettleiing som gir HVL ein peikepinn på arbeidet vidare med studenttilfredsheit.

FF stiller spørsmål om korleis ein kan få fram heile biletet av opplevd kvalitet i denne samanhengen. Slik rapporten no er lagt fram er det kun opplevingane frå studentane som kjem fram og ikkje opplevinga frå dei som underviser.

Rektor viser til at arbeidet per no bygger på studentundersøkingar, og at undervisarane sitt perspektiv også må takast med i det vidare arbeidet. Parat håper at dette er eit arbeid som kan fortsette fram i tid, der ein også kan evaluere dei tiltaka som er føreslege.

#### ***O-6/23 -Universitetsprosjektet – Status og vegen vidare vinter 2023***

Rektor orienterte kort.

FF stiller spørsmål om måltala for første og toppkompetanse i 2024 er oppnåelege, viser til ambisiøse målsettingar for FØS og FHS. Rektor tek med seg innspelet.

Parat og UDF stiller spørsmål om det er gjort refleksjonar på kostnadane ved å oppfylle målalet for første- og toppkompetanse? Korleis vil dette ha innverknad på budsjettet i 2024 og vidare framover?

Rektor viser til at det er viktig å få slike tilbakemeldingar ein kan ta med seg vidare. God kvalitetssikring i det vidare arbeidet.

HVO løfter fram at det i arbeidet også er viktig å sjå på kompetanse opp mot alder i organisasjonen.

UDF løfter opp problemstillinga med at vi skal vere eit arbeidslivsretta og profesjonshøgskule, men viser til at stadig vert stilt meir krav til tellekantar og toppkompetanse, korleis skal vi kunne fortsette med dei målsettingane som er lagt for HVL?

Rektor viser til at det er viktige problemstillingar å ta med seg vidare inn i arbeidet med universitetsprosjektet, det må kunne sette visse premisser på kva HVL ønskjer å bli som universitet.

#### ***O-7/23 – Oppfølging av styresak 53/22 Budsjett for 2023***

Rektor orienterte kort.

Det vert frå hovudtillitsvalde sendt inn (som eit vedlegg til IDF referatet) eit brev til styret der dei omtalar prosessen med vurdering av samanslåing av FIN og FØS. HTV viser til at slik prosessen er starta, er i strid med hovudavtalen (HA).

LO Stat stiller spørsmål om vurdering av fakultetsstrukturen burde vurderast inn mot ei ny åremålsperiode for dekanane og at ein da bør sjå på heile fakultetsstrukturen. Viser til at det ikkje er eitt godt tidspunkt å gjere det no, då dette vil tappe organisasjonen og hemme arbeidet som bør gjerast på dei andre områda. Det vert her vist til utvikling av ein berekraftig studieportefølje og ei gjennomgang av organisering og dimensjonering av dei faglege, administrative og driftsmessige støttefunksjonane.

Rektor stiller spørsmål om kva i prosessen som har vore problematisk?

Organisasjonane viser til at det er starten av prosessen som har vore problematisk. Dei meiner at dei tillitsvalde skulle vore involvert tidleg i prosessen for å kunne vere likeverdige partar etter hovudavtalen som skal sikre medverknad og medråderett så tidleg som mogleg. Organisasjonane viser til at det er ønskeleg å kunne delta i arbeidet med å sette arbeidsgrupper og premissene for arbeidet vidare, samt lage god informasjon ein kan einast om ut i organisasjonen.

HVO viser til at vernetenesta også må koplast tett på når det kjem til omstillingsarbeid i organisasjonen. Stiller spørsmål om kor ein skal spare pengar når ein veit at lønn og personell er den største kostnaden? Akademikerne stiller seg bak spørsmålet, viser til at det fram til no har vore ein vag prosess, då arbeidsgjevar ikkje kan vise til kva ein sparar på dette tiltaket eller korleis arbeidet med studieporteføljen vil påverke dette.

Akademikerne viser også til at det på fakulteta har spreidd seg uriktig informasjon i høve til kva som burde ha blitt formidla ut. Det vert av rektor vist til at korrekt informasjon er rektor sitt ansvar å gje ut. Det er ikkje heldig at slik informasjon er komme ut. Rektor presiserer vidare at det no skal settast i gang eitt vurderingsarbeid for å sjå på om ein mogleg integrasjon mellom FIN og FØS kan styrke den faglege og økonomiske berekrafta for fagmiljøa i dei to fakulteta.

Parat stiller spørsmål om kvifor ordlyden i punkt 4 er endra frå å kun gjelde stillingsstrukturen i fellesadministrasjonen til no å gjelde dei samla faglege, administrative og driftsmessige støttefunksjonane. Informasjonen som går ut til tilsette må vere klar. Organisasjonsdirektøren viser til at endringa er gjort etter interne diskusjonar, blant anna i møte i administrativt leiarforum. Vi ser det som føremålstenleg å vurdere det samla administrative støtteapparatet, som utgjer ein heilskap og difor må sjåast i samanheng når vi skal vurdere innretninga på dei administrative tenestene i eit framtidig universitet. Det vil bli arbeid ut eit mandat for dette arbeidet, og tillitsvalde vil bli koplå på i dette arbeidet.

Rektor viser til at det er han som har lagt fram dei fire tiltaka som no ligg på bordet. Desse tiltaka er på felt vi kan styrke oss og som vi kan gjere noko med før det kjem meir krevjande tider, der vi ikkje har dei økonomiske rammene vi har no. Kva kan vi gjere i 2023 som styrkar oss for å møte trongare økonomiske rammer?

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ingen handskrivne signaturar.*